

# ÅRSMELDING FOR 2024

## INDRE HERØY SOKN OG HERØY SOKN



### ***Kirkeloven § 9, Menighetsrådets oppgaver***

*«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk innarbeides og utvikles i soknet.»*

### **SOKNERÅDET**

Frå 01.11.2023 er det eit felles sokneråd for Indre Herøy sokn og Herøy sokn.

#### **Representantar frå Indre Herøy sokn:**

Sigrunn Bigset, Magnar Storøy (nestleiar), Brit Hilde Slettebakk, Lillian Rafteseth (friteken frå september 2024)

Vara: Kristin M. Gjerde, Nina S. Kopperstad, Anne S. Slettebakk, Geir Sporstøl

#### **Representantar frå Herøy sokn:**

Camilla Kvalsvik Aksnes (leiar), Øyvind Granden Berg, Therese Frøystad Igesund, Kjell Rabben

Vara: Anne-Kari Remøy, Kristian Arnevik, Svein Gjelseth, Frode Ryssevik, Roar Jan Eide

### **Geistleg representant i Soknerådet:**

Solfrid Leinebø Seljås  
Kjell-Roger Isene, vara

### **Representantar i Herøy kyrkjelege fellesråd:**

Frå Indre Herøy sokn: Sigrunn Bigset, Brit Hilde Slettebakk  
Frå Herøy sokn: Therese Frøystad Igesund (leiar), Kjell Rabben

### **Soknerådsarbeidet:**

For 2024 har det vore helde 9 møter i soknerådet.  
Totalt for 2024 har soknerådet handsama 60 saker.  
Soknerådet ser kor viktig det er med eit godt arbeid mot barne og unge.  
Dette temaet har vore oppe i mange av soknerådsmøta.

### **Årsmøtet for 2023:**

Årsmøtet vart halde 22.05.2024.  
Det var godt oppmøte i Kyrkjelydssalen i Herøy Kyrkje.  
Leiar for soknerådet, Camilla Kvalsvik Aksnes leia møtet.  
Ho hadde og velkomsthelsing og presentasjon av dei ulike nemnder og utval.  
Solfrid Leinebø Seljås opna og delte tankar om håp.  
Det var musikkinnslag ved Kyrkjekoret.

### **Tilsette:**

Soknerådet har ikkje faste tilsette, dette er det kyrkjeleg fellesråd som har. Alt arbeid i regi av soknet baserer seg på dugnad og frivillig arbeid.

### **Frivillige:**

Vi har mange frivillige som stiller opp og gjer ein god innsats for at alle aktivitetane vi har i kyrkja kan gjennomførast på ein god måte. Dette er vi svært taknemlege for. Det kan vere mange frivillige som har ansvar inn i eit kyrkjeleg tilbod. Vi nemner under her nokre av dei frivillige som er engasjerte i nemnder, tiltak og utval:

- Aktive menn v/ Jack Remøy og Olaus-Jon Kopperstad
- Barnekora på Leine og Kvalsund/Herøy kyrkje i kyrkja sin regi: Bjørg Hadland Slotsvik
- Diakoniutval – har diverre ikkje vore aktivt dette året
- Dugnadsgruppa STREAM / jobbar ved behov – Arnstein Leinebø
- Grønt utval / grøn kyrkjelyd – har diverre ikkje vore aktivt dette året
- Gudstenester – kvar søndag etter ei fast rytme – avhengig av frivillige som bidrar
- Gudstenesteutval – har diverre vore lite aktivt dette året
- Herøy kyrkjekor v/ kantor Dag Johan Flattun . Korets styreleiar: Jorunn Johnsen

- Herøy Tensing v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygard m.fl,
- Hybelmiddag v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygard, Kirsti Vattøy m.fl.
- Julefeiring på Kjeldsund – v/diakonane i Herøy og Ulstein saman med Kjeldsund
- «Juleglede-aksjonen» – v/diakon Ragnhild Danbolt Øygard saman med frivillige
- Julehelsing for 85+ v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygard med frivillige
- Kirkens SOS – ingen hadde det vervet på vegne av sokna i 2024.
- «Klede til glede» – vert drive av Herøy sanitetsforening, inngang kyrkjekontoret
- Knøttekor – v/kantor Dag Johan Flattun i samarbeid med klokkar Ingrid Warholm
- KRIK Villmark v/ Øystein Nerland m/fleire
- Kulturutval – v/ kantor Dag Johan + Liv Sundnes, Hallgeir Hauge og soknepresten
- Kveldsmessenemnda v/Øystein Nerland, Øyvind G. Berg, Alette Teige, sokneprest
- Kyrkjeforeininga v/ Karete Johansen, Marit Leinebø m.fl.
- Kyrkjegruppa v/ Alette Teige
- Kyrkjekoret v/ dirigent kantor Dag Johan Flattun og styreleiar Jorunn Johnsen
- Livsgledefesten v/elevar frå vidaregåande arrangerar fest for eldre, 1 gong i året
- Lovsongsgruppe/kveld v/ Rikke G. Kopperstad, Jostein Husøy m.fl.
- Medarbeiderfest for frivillige 1 gong i året – v/kyrkjestaben
- Nattopa kyrkje 1. laurdag i månaden v/ Evy og Frode Ryssevik m.fl.
- Nyttårsselskap v/kyrkjelydspedagogvikar Ann Kristin Frantsen + frivillige
- Herøy kyrkje er «Open kyrkje» kl 12-14 kvardagar (-gravferdsdagar) v/ kyrkjestaben
- Søndagsskule 2 søndagar i mnd v/Beathe Myklebust og Rikke G. Kopperstad m.fl.
- Tidebøn, pilegrimsstien og pilegrimsferd v/»Nøkkelstadgruppa», prestar, frivillige.
- Torsdag i kyrkja (Strikkekafe, open kyrkje og temaforedrag) v/Johanne/Bjørn Leinebø m.fl.
- Tweens v/Arnstein og Marit Leinebø, Øystein Nerland, Bodil Leinebø og Håkon Kopperstad
- Tysdagslunsj v/ Jack Remøy og Olaus Jon Kopperstad
- «Sterk og stødig» v/kommunen som leiger gymsalen til trim for eldre kvar torsdag.
- Utsmykkingsnemnda v/ Jorunn Johnsen, Ivar Sulebakk, Alette Teige og kyrkjeverje.

### **Trusopplæringstiltaka:**

Kyrkjestab, prestar og frivillige har hatt desse tiltaka i 2024:

- Våren: Open barnehage
- Bibelsporet (undervising i 5.klasser om den raude tråden gjennom Bibelen)
- Utdeling av bok til 4-åringane
- LysVaken for 11-åringar
- Tårnagent for 9-åringar
- Konfirmantarbeidet
- Julevandringar og påskevandringar.
- Andaktene ved HOS OG MOS v/ prestar og organist.

## Kyrkjelydsarbeidet/arbeidet i soknet 2024:

Året 2024 var det fyrste heile året med eit felles sokneråd for Indre Herøy sokn og Herøy sokn. I forkant av valet på hausten 2023, var det knytta spenning til om felles sokneråd skulle kunne fungere. Dette fyrste driftsåret har synt at det går bra!

Soknerådet har brukt tid på å bli kjente med kvarandre og med begge dei to sokna sine særpreg og potensial for samarbeid på tvers.

Nokre av gledene i 2024:

- Soknerådsfolk eller andre frivillige deltok også dette året på Sommardagar i Fosnavåg i lag med kyrkjestaben.
- Det vart halde mange konsertar i kyrkjene dette året ved mange av kora i Herøy, og også ved lokale og nasjonale songarar og musikarar. Vi vil særleg nemne at vårt eige kyrkjekor samarbeidde med Ålesund kirkekor og Oddgeir Bruaset og solistar om «En annerledes julekonsert». Dette var særers vellukka.
- Gjennom påskeveka, og ei veke til var det utstilling av dåpskjolar i Kyrkjestova i Herøy kyrkje. Dette med god hjelp av Sanitetskvinnene, for tredje gong.
- Gledeleg med utegudstenester med god oppslutning: 2.pinsedag på Kjeldsund, 2.juni på Flåvær, 23.juni i Fosnavåg sentrum, 7.juli og 29.juli på øya Herøy.
- Gjennom sommaren var det invitert til tidebøn kvar onsdag på øya Herøy og Pilegrimsseglasser utifrå nøkkelstaden Herøy.
- Kvar fyrste laurdag i månaden har det vore arrangert «Nattopen kyrkje» i Herøy kyrkje frå 21.00 - 01.00, i regi av frivillige, støtta av soknerådet.
- Julaftan vart det invitert til selskap på Kjeldsund for dei som ønska å feire jul i lag med andre. Dette var arrangert i lag med Ulstein sokn og organisert av diakonane og Kjeldsund.
- Nyttårsaftan vart det invitert til selskap i Herøy kyrkje på kvelden i forkant av Midnattsmessa som starta kl 23.00.
- Soknerådet gler seg over alle dei frivillige kyrkjevertane i kyrkjene våre. Det å vere kyrkjevert er å vere i «fyrstelinja» med å ta imot folk som kjem til gudsteneste som vi tilbyr kvar søndag. Det er ei viktig teneste!
- Gledeleg at vi i kyrkja kan tilby Hybelmiddag annankvar onsdag til elevar frå vidaregåande.
- Det er også stor glede over alle kora: Herøy Knøttekor, Herøy TenSing og Herøy kyrkjekor. Særleg gledeleg er at det er starta opp eit barnekor dette siste året for 1.-4.klasse. Barnekoret har hatt øvingar både i Leine bedehus, Nerlandsøy bedehus og i Herøy kyrkje.

## ÅRSPLAN FOR SOKNERÅDET SINE MØTER OG SAKER I 2025

Januar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Budsjett</li><li>- Årsplan</li></ul>
Februar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Årshjul</li><li>- Offerliste</li><li>- Kyrkjevertliste</li></ul>
Mars	<ul style="list-style-type: none"><li>- Planlegging av årsmøte</li><li>- Rapportar frå utval og tilsette</li><li>- Rekneskap</li><li>- Årsmelding</li></ul>
April	<ul style="list-style-type: none"><li>- Årsmøte</li><li>- Revisjon av budsjett</li></ul>
Mai	<ul style="list-style-type: none"><li>- Gjevarteneste</li><li>- Kommunikasjonsarbeid</li></ul>
Juni	<ul style="list-style-type: none"><li>- Rekneskapsrapport</li><li>- Haustprogram</li><li>- Vurdering av arbeidet i halvåret</li><li>- Forslag til fellesrådet sitt budsjettforslag til kommunen</li></ul>
September	<ul style="list-style-type: none"><li>- Neste års utstillingar</li><li>- Offerliste</li></ul>
Oktober	<ul style="list-style-type: none"><li>- Trusopplæring</li><li>- Barne- og ungdomsarbeid</li><li>- Rekruttering</li><li>- Utfordring av ungdomar til kyrkjelege studiar</li></ul>
November	<ul style="list-style-type: none"><li>- Målsetting for neste år</li></ul>
Desember	<ul style="list-style-type: none"><li>- Vurdering av halvåret</li><li>- Planar / Budsjett</li><li>- Val og oppnemningar</li></ul>

## REKNESKAP FOR 2024, INDRE HERØY SOKN

### Årsresultat:

Indre Herøy sokn hadde eit meirforbruk på kr. 12.038,93 i 2024.

Det økonomiske resultatet fordeler seg slik:

Driftsinntekter	101.230,99
Driftsutgifter	-113.269,92
Brutto driftsresultat	-12.038,93
Netto finans- inntekter / utgifter	0,00
Netto driftsresultat	-12.038,93
Bruk avsetningar (2023)	13.845,17
Avsetningar (2023)	-13.845,17
Meirforbruk	-12.038,93

### Eigenkapital:

Indre Herøy sokn har eit disposisjonsfond med ein saldo på kr. 105.445,59 pr. 31.12.24.

Meirforbruket på kr. 12.038,93 vert dekt av disposisjonsfondet.

### Budsjett:

For Indre Herøy sokn er det vedtatt eit budsjett i balanse for 2025.

Ofringar til eiga verksemd, betaling frå deltakar, gåver og tilskot er budsjettert til omlag 83 tusen kroner.

Dei samla utgiftene er budsjettert med eit likelydande beløp.

## REKNESKAP FOR 2024, HERØY SOKN

### Årsresultat:

Herøy sokn hadde eit meirforbruk på kr. 22.938,97 i 2024.

Det økonomiske resultatet fordeler seg slik:

Driftsinntekter	767.497,29
Driftsutgifter	-608.032,87
Brutto driftsresultat	159.464,42
Netto finans- inntekter / utgifter	9.260,61
Netto driftsresultat	168.725,03
Bruk avsetningar	59.864,13
Avsetningar	-251.531,13
Meirforbruk	-22.938,97

### Eigenkapital:

Herøy sokn har eit disposisjonsfond med ein saldo på kr 889.485,72 pr. 31.12.24.

I tillegg kjem ei rekke bundne fond med ein samla saldo på kr 423.873,48 pr. 31.12.24.

Meirforbruket på kr. 22.938,97 vert dekt av disposisjonsfondet.

Tross større driftsinntekter enn driftsutgifter i 2024 endar Herøy sokn med eit meirforbruk.

Soknet mottok ein del gåver til bundne formål som oppussing kyrkjekjellar, A-menn, Tysdagsslunsj og utsmykking.

Desse vart derfor avsett i bundne fond og gjekk ikkje inn i drifta i 2024.

### Budsjett:

Det er vedtatt eit budsjett i balanse for 2025.

Ofringar til eiga verksemd, betaling frå deltakar, gåver og tilskot er budsjettert til omlag 269 tusen kroner.

Dei samla utgiftene er budsjettert med eit likelydande beløp.